

Vår saksbehandler: Mathias Myhrvold-Hanssen

Vår dato:

06.06.2019

Dykkar dato:

04.06.2019

Vår referanse:

2019/6265

Dykkar referanse:

Meland kommune  
Postboks 79

5906 FREKHAUG

## Utbetalingsbrev våren 2019 - Vidareutdanning for lærarar - stipend og studieavgift

Statsbudsjettet for 2019 vart vedteke av Stortinget i desember 2018. Vedtaka går fram av Stortingets behandling av Innst. 12 S (2018-2019) og Prop. 1 S (2018-2019) for Kunnskapsdepartementet. Det blir også vist til informasjon om midlar til vidareutdanning for lærarar i 2018 til skoleeigaren (kommunar, fylkeskommunar og private og statlege skolar) 1. februar 2019.

Utbetaling av stipend og ev. studieavgifter for våren 2019 er basert på:

- Skoleeigarens søknad om vidareutdanning for lærarar studieåret 2018/2019 i søknads- og oppfølgingssystemet.
- Resultatet av direktoratet si behandling av søknadene som vart offentleggjort 23. april 2018.
- Stadfestingar av skoleeigaren i søknads- og oppfølgingssystemet på at lærarane er tatt opp til studiet dei har søkt på, og takkar ja til å delta i stipendordninga. Stipend og eventuelle studieavgifter er berekna ut frå opplysningar om lærarane med status «Bekreftet fortsatt deltakelse vår», «Fullført studium» eller «Trukket etter studiestart» per 03.06.2019.

Oversikt over lærarane som har fått tilbod om stipend finn de i søknads - og oppfølgingssystemet på <http://komp.udir.no/extranet> under modulen «Vidareutdanning for lærere 2018». Grunnlaget for vårens utbetaling finner de på TAVLA.

Skoleeigarane vil bli belasta med arbeidsgivaravgift for stipendet til dei det gjeld. I midlane som blir utbetalte til skoleeigaren frå Utdanningsdirektoratet, er arbeidsgivaravgifta inkludert. Ho er berekna ut frå skoleeigarens postadresse registrert i Enhetsregisteret; <http://w2.brreg.no/enhet/sok/>. Informasjon om satsar og sonar for arbeidsgivaravgift, finst på <https://miniforetak.no/satser-og-tall/arbeidsgiveravgift-satser-og-soner/> og <http://www.skatteetaten.no/no/Tabeller-og-satser/Arbeidsgiveravgift---soneinndeling/>. For Meland kommune er det Meland som dannar grunnlaget for arbeidsgivaravgifta.

Følgjande vil om kort tid bli utbetalt til Meland kommune til kontonummer 15031883722:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Stipend	440000,00	Jan-Jun	—	440 000,00
Arbeidsgiveravgift - stipend (14,1%)	440000,00	Jan-Jun	—	62 040,00
Studieavgift	12500,00	Jan-Jun	—	12 500,00
<b>Totalt:</b>	<b>892500,00</b>			<b>514 540,00</b>

Utbetalinga er merkt «Vidareutdanning for lærere våren 2019- stipend og studieavgift». Merk at det er totalbeløpet under kolonnen «Beregnet tilskudd» som vil bli utbetalt.

## Vilkår for utbetalinga

- Stipendet skal utbetalast til læraren
- Stipendet kan være skattepliktig i den utstrekning det overstiger kostnader knytte til utdanninga. Informasjon om dette finst på: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/etter-og-videreutdanning/larere/slik-er-skattereglene-for-utdanningsstipend/>
- Skoleeigaren har ansvar for å dekkje kostnader til reise, opphald, læremidlar mv.
- Læraren har krav på fri til eksamen og lesedagar i tråd med det som er fastsett i lov- og avtaleverk. Praktisk gjennomføring av studium skal avtalast mellom lærar og skoleeigar. Det gjeld også spørsmål om kva eventuell permisjon utan lønn vil ha å seie for pensjonsopptjening.
- Skoleeigar skal ikkje utbetale andre del av stipendet til læraren før studiet er gjennomført og bestått, og skoleeigar har registrert «Fullført studium» i søknads- og oppfølgingssystemet. Siste frist for å stadfeste dette i søknads- og oppfølgingssystemet er 1.august 2020.

Det er ein føresetnad at læraren følgjer studieprogresjonen slik det er oppgitt i søknads- og oppfølgingssystemet. Dersom studiet vert avbrote, har skoleeigar ansvar for å vurdere om grunnlaget for første utbetaling av stipendet er endra eller fell bort. Dersom ein lærar ikkje gjennomfører eller består studiet, vil grunnlaget for utbetaling av andre del av stipendet falle bort.

Det er ikkje tillatt å avvike frå dei sentrale vilkåra.

## Andre vilkår

Mottakaren har plikt til å melde frå med ein gong til Utdanningsdirektoratet dersom grunnlaget for midlane blir endra eller fell bort. Midlane kan da trekkjast tilbake heilt eller delvis.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Meland kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnaden, eller på anna måte har brote vilkåra for midlane, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake midlar eller krevje dei tilbake. Ved feil utrekning eller utbetaling av midlar kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar.

Vi viser dessutan til utbetalingsbrev for stipendmidlar hausten 2018.

For ytterlegare informasjon om ordninga viser vi til <http://udir.no/videreutdanning>

Med helsing

Anne Magdalena Solbu Kleiven  
avdelingsdirektør

Mathias Myhrvold-Hanssen  
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.